

---

Saksnr: 2021/804-2  
Saksbehandlar Even Vaular  
Dato: 06.04.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet  
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

---

**Frå:** Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

---

## Oppfølging av utleige av fylkeskommunale fortau til uteservering i Bergen

Fylkesutvalet handsama i møtet 2.-3. mars sak om føringar ved utleige av fylkeskommunale fortau til uteservering i Bergen (PS 38/2021). I vedtaket er det tre oppfølgingspunkt (punkt 3-5) som fylkesdirektøren her ønskjer å gi informasjon om korleis vert fylgt opp. Punkta er desse:

3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta initiativ til eit samarbeid med Bergen kommune og Statens vegvesen for å starta eit arbeid med fotgjengar-teljingar i Bergen sentrum. Målet er å få betre kunnskap om behovet for fritt ferdselsareal for gåande.
4. Fylkesutvalet føreset at ein har tett dialog med aktuelle leigetakarar for å finne gode løysingar som kan sikre behovet både for næringsinteressene og framkome for mjuke trafikantar.
5. FV 585 langs Torget i Bergen sentrum er eit område der ein av erfaring veit at det er utfordrande å sameine interessene både til næringslivet og mjuke trafikantar. Fylkesrådmannen vert beden om å sjå på om det er noko fylkeskommunen kan vurdere å gjere for å betre tilhøva for begge interessegrupper i dette området; til dømes plassering av busshaldeplass med tilhøyrande venteområde og den fysiske utforminga av eksisterande fortau.

### Teljeprogram for mjuke trafikantar

Fylkesdirektøren ser føre seg å starta samarbeidet om fotgjengar-teljingar innan sommaren 2021. Det er ønskeleg å få på plass eit fast, laupande arbeid, som skal gi oss eit betre fakta- og kunnskapsgrunnlag til nytte for mellom anna sakshandsaming knytt til ulike, sentrale fortau i Bergen sentrum. Teljing og observasjonar av ferdsla på fortausareala på Torget er under førebuing. Målet er å få danna seg eit representativt bilete av trafikken av mjuke trafikantar - både i tal, åtferd, og i interaksjon med andre aktivitetar - for såleis å kunna gjera vurderingar av arealbehovet for dei gåande. Kartlegginga vert starta opp i år i mindre skala, og vert vidareført over fleire sesongar. Då vil me også få gode kunnskap om ferdselen når trafikk og aktivitet langs fortauet har normalisert seg etter koronaen.

### Dialog med aktuelle leigetakarar

Fylkesdirektøren har kalla inn til eit felles digitalt informasjonsmøte 21. april med dei som har søkt om uteservering for 2021-sesongen, og vil følgja opp med eigne møte med einskildaktørar som ønskjer å diskutera eiga sak konkret. Invitasjon til informasjonsmøtet er lagt ved saka. På [heimesida](#) til fylkeskommunen er det oppretta eit eige område der det blir gitt informasjon til dei verksemdene som ønskjer å bruke fortau til uteservering i Bergen sentrum.

## Nærare vurderingar av fv. 577 Torget

Som oppfølging av vedtakspunkt 5 har fylkesdirektøren bedt Skyss om eit notat som gjer greie for behovet for haldeplassareal inkl. venteareal på fortauet langs Torget. Notatet, samt eit kart over haldeplassar i Bergen sentrum gjeldande frå 25. mai 2021, finn de som vedlegg. I tråd med Trafikkplan Bergen, vedtatt av fylkesutvalet i Hordaland 11. april 2018, vert det i mai gjennomført ei større ruteendring som inneber eit nytt stoppmønster for busslinene i Bergen sentrum. Dette skjer i samband med at Olav Kyrres gate vert gjenopna. Nytt stoppmønster skal gjera det enklare å finna rett haldeplass og gi ei betre utnytting av haldeplasskapasiteten. Det er gjort ei kartlegging av kapasiteten ved haldeplassane knytt til tal passasjerar og kor mange bussar som kan nytta haldeplassane samstundes.

Når det gjeld uteserveringa på fv. 577 Torget<sup>1</sup> er det busshaldeplassane i nordgåande retning (mot Sandviken/Åsane) som er av betydning. Kartlegginga syner at det er utfordringar knytt til særskilt ujamn belastning på desse haldeplassane, og at det er behov for å skilje dei kommersielle bussane frå den offentlege transporten. Den komande endringa i rutetilbodet er venta å gi fleire av- og påstigande passasjerar samanlikna med no-situasjonen, og det er behov for å sikra betre kapasitet på haldeplassane.

Haldeplass Torget N vert i dag nytta av fleire bussar enn det er plass til. Etter ruteendringa skal stoppet verta nytta til sentrumsnære busslinjer (indre og øvre Sandviken) med kortare busmateriell. Då håpar Skyss å få bukt med problem med at bussar står i vegen for kvarandre eller ikkje kjem seg ordentleg inn til kantsteinen, og slik hindrar universell utforming ved av- og påstiging. Stoppet vil ha 11 avgangar per time etter ruteomlegginga.

All busstrafikk mot ytre Sandviken og Åsane vert samla på haldeplass Torget O, noko som gir ein stor auke i tal bussar på haldeplassen og tilsvarande eit stort behov for å sikra kapasitet. Sistnemnte får no 43 avgangar per time etter ruteomlegginga. Mellom anna vil hovudlinene (stamlinene) til Støbotn og Flaktveit trafikkera stoppet. Stoppet er godt eigna for leddbussar.

Den kommersielle bussaktiviteten (til dømes flybuss, shuttlebussar, sightseeingbussar, IKEA-buss) er mykje knytt til ein turistsesong som overlappar Skyss sitt ordinære rutetilbod. Slik sett er dette dimensjonerande for haldeplasskapasiteten. I åra fram til koronaen har det vore ein sterk auke i den kommersielle busstrafikken, og Torget har hatt mykje slik aktivitet. Dei kommersielle bussane står ofte mykje lengre enn Skyss sine bussar på haldeplassane, og skapar lett forseinkingar. Dei kommersielle bussane har til dels nytta alle stoppa langs Torget. Med nytt stoppmønster vert dei samla på haldeplass Torget P ved Smalgangen. Vert det kapasitetsutfordringar ved Torget O kan haldeplassen for dei kommersielle bussane verta innkorta.

Skyss tar i notatet også for seg andre omsyn som har innverknad på haldeplasskapasiteten langs fv. 577 Torget. Det er til dømes ein del stopp med drosjar og privatbilar for å sleppa av og ta på passasjerar, og det skjer varelevering langs heile strekket på Torget. Kommersiell utleige av elsparkesyklar har ført til mange elsparkesyklar på fortaua, noko som i realiteten bidrar til ytterlegare press på fortausareala og redusert kapasitet ved haldeplassane. Bybanen til Åsane og framtidig sykkelløysing i Bergen sentrum har også betydning, når ein skal vurdere moglegheitene for å gjera endringar i disponeringa av trafikkareala på Torget.

Fylkesdirektøren meiner det ikkje er tenleg å gjera større arbeid på fortausarealet langs fylkesvegen før det er endeleg avklart kva trasé bybanen skal ha gjennom Bergen sentrum. Vert det ei dagløysing vil ein mest sannsynleg måtte gjera oppgraderingar i heile tverrsnittet på Torget.

## Konklusjon

Notatet frå Skyss gjer grundig greie for behova busstrafikken har langs fv. 577 Torget, og korleis avviklinga av busstransporten på den aktuelle strekninga (i nordgåande retning) skal skje etter ruteomlegginga i mai 2021. Heile det aktuelle strekket har ein funksjon for kollektivavvikling og også varelevering. Fylkesdirektøren meiner det ikkje er rom for å innskrenka, leggja ned eller flytta på busshaldeplassar med venteareal på strekninga. Det vil kunna skapa utfordringar for ei effektiv og trafikk sikker med universell av- og påstiging. Endringar i den fysiske utforminga av fortausareala vil ikkje vera tenleg å gjennomføra før sentrale avklaringar om bybanen og eventuell sykkelløysing over Torget er avklart.

---

<sup>1</sup> For å unngå forvirring vil me presisera at fv. 577 er rett vegnummer for den aktuelle vegstrekninga, og ikkje Fv. 585 som det står i vedtakspunktet.

Fv. 577 Torget har både særs høg gangtrafikk og høg kollektivtrafikk, med svært mange daglege av- og påstigingar. Stor gangtrafikk krev eit breitt ferdselsareal for gåande, som tar i vare framkome for rullestolar, barnevogner, m.m. Sjølv om fortaua kan verka breie ei stille stund, vert det fort trongt om plassen i travle kvardagstimar. Ferdselsarealet for gåande på Torget er såleis ikkje overdimensjonert - heller det motsette. Ferdsel frå elsparkesyklar på fortausareala skapar ytterlegare press på dei gåande sin plass. Det er såleis lite rom for å innvilga større areal til uteservering langs fv. 577 Torget.

#### Vedlegg

- 1 Bruk av haldeplassane på Torget i Bergen - notat frå Skyss
- 2 Kart over haldeplassar i Bergen sentrum, gjeldande frå 25. mai 2021
- 3 Invitasjon til digitalt informasjonsmøte